

Vasslekkasjen er lokalisert til sentrum.

05.03.2018



Uskedal Vassverk sitt vassbehandlingsanlegg på Eik.

**Vasslekkasjen er lokalisert til sentrum, ein plass mellom Grano og Myro. Uskedal Vassverk jobbar på spreng med å finna nøyaktig kor lekkasjen kan vera. Truleg ligg plassen på nedsida av Fylkesvegen der den gamle vassledningen ligg og supplerer tilførsla til område ved Uskedal skule. Lekkasjen er stor, heile 25 liter vatn går ut pr. sekund.**

I morgon held arbeidet fram med lokalisering. Det er leigd inn lytteutsyr frå Kvinnherad kommune. Musland Maskin med røyrleggjar og maskinar gjer jobben. Arbeidet gjer at vasstilførsla er ustabil med stenging og opning utan varsel. Vasstrykket er alt redusert i område frå Grano til vegen ned til Beinavikjo. Dette vert mellom anna gjort for å sikra alle vatn. Verst kan det vera for dei av abonnentane som bur høgast i lende.

Hans Reidar Kjærland i Uskedal Vassverk oppmodar alle om å ikkje bruka meir vatn enn naudsynt. Lekkasjen og stor gjennomstrøyming fører til at belegg i gamle ledningar kjem i bevegelse og vert ført inn i røyrane i huset. Dette kan vera uheldig for vaskemaskinar, varmeberedarar og andre installasjonar i huset.

Uskedalen.no føl opp denne saka i morgon med bilete frå leiting og utbetring av skaden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal